

16 TYS DAG 14. MAI 2019 FJORDINGEN

● Mental Helse i gjekk i spissen:

Sette opp buss til Bygdepride

Indre Nordfjord var synlege under årets Bygdepride i Volda og Ørsta. I paraden gjekk både Mental Helse Stryn og Loen Sokneråd, og Hornindals-ordføraren deltok i år som i fjor.

Mental Helse Stryn sette faktisk opp buss til årets Pride-arrangement i Volda og Ørsta.

– Kvifor det, styreleiar Karin Gregersen Vik?

– Å delta på Bygdepride Volda og Ørsta vedtok vi på det første styremøtet i det nye styret. Vi har vener, kollegaer og familiære relasjonar til homofile og lesbiske, og vi veit kor vanskeleg det kan vere å bli akseptert for den ein er.

Trengst i små bygdesamfunn

– Mental Helse sine verdier er «Likeverd – Openheit – Respekt – Inkludering» og det gjeld alle, uansett etnisk bakgrunn, tru, alder og seksuell legning.

Vik legg til at det trengst meir likeverd, openheit, respekt og inkludering i samfunnet, spesielt i små bygdesamfunn der ikkje alle blir akseptert for det mennesket ein er.

– Mental Helse Stryn ville markere dette ved å vere med i Bygdepride, seier ho.

Ikkje nok med ein buss neste år?

– Vi vart ein god, liten gjeng som reiste i lag, deriblant også Loen Sokneråd. Og vi hadde ein flott tur og var imponert over kor mange som deltok i paraden, seier Karin Gregersen Vik.

– Det var mykje moro, fargar og blide folk kvar du såg. Og midt i alt fornemma du alvorret av å ikkje bli akseptert.

Festleg og fargerikt syn

– Vi er stolte og glade over at folk hadde villa vere med oss,



PÅBYGDEPRIDE: – Det trengst meir likeverd, openheit, respekt og inkludering i samfunnet, spesielt i små bygdesamfunn der ikkje alle blir akseptert for det mennesket ein er. Mental Helse Stryn ville markere dette ved å vere med i Bygdepride, seier leiar Karin Gregersen Vik, om lag midt i bildet med gult skjert. Med på bildet er også Paul Arne Fjerdingsgren, Elin Sande Beinnes, Marte Sande, Wigdis-Arita Martinsen, Linda Kristin Hopland Bergset, Karin Gregersen Vik, Solveig Wangberg Nesdal, Sara Hopland Bergset, Camilla Lykke Brekke Torp, Inga Bodal. FOTO: STÅLE BERGSET

og det var god stemming i busen, seier styreleiar i Mental Helse Stryn.

– Som «rosina i polys» var busen tom for strau, og det var nok eit festleg og fargerikt syn der vi gjekk og skubba busen med «Happy Old Folks» på. Men vi kom oss heim til slutt! ler Karin Gregersen Vik.

– Blir det nye turar til Bygdepride seinare?
– Vi tek nok initiativ til dette igjen, ja. Og då held det kanskje ikkje berre med ein buss!

Statsråd heldt appell

Statsråd Anniken Hauglie frå Arbeids- og sosialdepartementet var mellom dei som heldt appell under årets Bygdepride.

Det vart også delt ut pris: Tidlegare redaktør i avisa Møre-Nytt, Rune Sæbønes, fekk Bygdepride-prisen for sitt arbeid. Han er ein av initiativtakerane til Pride-arrangementet i

Volda og Ørsta, det første i sitt slag i bygde-Norge.

Ordførar Stig Olav Lødemel (H) frå Hornindal var også i år på plass på Bygdepride.

Han seier det er svært viktig å vise at bygdene er inkluderande.

– Historia fortel oss diverre at folk har flytta frå bygdene fordi dei folte at dei ikkje passa inn. Slik skal det ikkje vere, seier Lødemel til Fjordingen.

●● – **Historia fortel oss diverre at folk har flytta frå bygdene fordi dei folte dei ikkje passa inn. Slik skal det ikkje vere**

Stig Olav Lødemel (H)



SENTRALE: Stig Olav Lødemel t.v. med sentrale aktørar på årets Bygdepride, Rune Sæbønes som fekk Bygdepride-prisen og Arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie. FOTO: PRIVAT

Vel verd å markere

– Vi veit at det framleis i dag er mange som ikkje vågar å vere seg sjølv, og som trengt at vi ser dei, seier Lødemel.

– Vi må alltid stå opp for retten til å leve sitt eige liv. Fridomen til å elske den ein elskar, må vi hegne om for alle. Som

politikarar er det vel verd å markere at vi ikkje godtekk at nokon, grunna sin legning, vert hindra frå å leve sine liv slik dei sjølv er skapte og ønskjer.

GUNNHILD SINDRE
gunnhild.sindre@fjordingen.no



IVOLDA: Marte Sande, Inga Bodal og Solveig Wangberg Nesdal frå Loen Sokneråd.

Loen sokneråd vekte merksemd

Loen sokneråd vekte merksemd i Bygdepride-paraden, truleg som det einaste soknerådet i det lange toget.

– Vi deltok med glede og engasjement i Bygdepride. Inspirert av Mental Helse sin invitasjon til å delta i støttmarsjen, la Solveig Wangberg Nesdal fram forslaget for soknerådet, og

fekk full støtte. Det var ein fantastisk og fargerik parade, som vi er stolte av å ha delteke på, seier Marte Sande, Inga Bodal og Solveig Wangberg Nesdal til Fjordingen.

Med plakatar og song fanga soknerådet også merksemda til TV2, og Inga Bodal vart intervjuva av ein tv-reporter frå kanalen.

– Vi var mest truleg det einaste soknerådet i det lange toget, og vi oppfordrar hermed

alle sokneråd og tilsette i kyrkja om å delta i støttmarsjen neste år.

– Kvifor var de med?
– Ved å vere med på Bygdepride ønskjer vi å vise vår støtte til mangfald, likeverd og toleranse. Loen sokneråd vil vere raus og inkluderande, og det same ønskjer vi av kyrkjelyden vår og av heile kyrkja. Kjerleik er trass alt hovudbodskapen i den kristne bodskapen.